

DRIKK TIL MATEN TIL KVARDAGS

Mjølkk

1. Korleis har bruken av nysilt og skumma mjølkk skift i manns minne, har bruken av mjølkk auka?
2. Drakk ein mjølkk som leskedrykk utan at ein åt?
3. Kva slag drykk laga ein før av mjølkk (saup, bleng eller blende, skyr, primblende)? Vert dei bruka mykje nå, og i kva høve?

Øl

4. Kor lenge nytta ein heimebryggja øl som kvardagsdrykk, kva kalla ein det (tynning, spisel)? Vart det mykje brukt (berre i onnetida eller vart det laga tunnare øl kvar gong dei bryggja)?

Kaffe

5. Når, og ved kva høve tok ein til med å drikke kaffi i Dykkar bygd?
6. Når vart kaffi kvardagsdrykk?
7. Kor ofte om dagen drikk ein kaffi nå?
8. Korleis laga ein kaffe, har ein grovmalen kaffi opp i kokande eller i kaldt vatn, traktar ein kaffi, har ein salt i kaffien, klåreskinn, eggeskal, eller bryr ein seg ikkje om å få kaffien klår, spår ein i grut? Veit ein noko om etter kva for reglar ein spår i grut?
9. Brukar ein sukker til kaffien og kva slag (t.d. kokt sukker i plater, vart dei kjøpt ferdige eller laga ein dei sjølv, kandis, brunsukker, hogd og klypt sukkertopp, raffinade, farin)?
10. Har ein fløyte eller mjølkk, ost (kva slag) opp i kaffien? Kjenner ein til at ein har vispa egg i kaffien?

Te

11. Drikk ein te til kvardags? Når byrja ein i tilfelle med det? Har ein laga te av heimlege plantar?

Brennevin

12. Kor mykje brukte ein brennevin til kvardags (ved ekstra arbeid, i onnetida osv.)?

Nyare drykk

13. Vert det brukt mykje nyare drykk, t.d. kjøpeøl, vørterøl, selters, brus og andre sortar til kvarags nå?